



**Ullensvang
kommune**



Norsk institutt for kulturminneforskning

Kva for kulturarv har betydning for deg?

Til innbyggjarar

Som del av kunnskapsgrunnlaget for **felles kulturmiljøplan for nye Ullensvang kommune** ønskjer kommunen å få vite kva innbyggjarane meiner er viktig kulturarv.

Vi oppmodar difor til å arrangere gjestebod – ein uformell samankomst der ein person inviterer ein eller fleire gjestar for å diskutere dette fritt og ope. Gjestane kan vera vener, familie, medelevar, kollegaer, styremedlemmar, naboar, osb. Kven som skal inviterast, og når de skal treffast, avgjer de sjølve – anten det er heime, på kafé, ute på tur, på eit lagsmøte, på skulen, arbeidsplassen eller ein annan stad.

Diskusjonstema:

Vi ber dykk snakke saman og oppsummere svar på desse spørsmåla:

1. Kva stader, landskap, bygningar, aktivitetar eller tradisjonar kjenneteiknar grenda di og/eller Ullensvang?
2. Kva er heilt unikt med grenda di og/eller Ullensvang?
3. Kva er det finaste ved omgivnadene – og kva ville du vist fram til gjester?
4. Korleis bør Ullensvang sjå ut om 50 år? Kva kvalitetar bør vi ta vare på?
5. Er det stader, landskap, bygningar eller tradisjonar som er umisselege og som må vernast? Kva meiner du dette er?

Inviter

Vil du halde gjestebod? Her er forslag til ein invitasjon du kan sende om du vil invitere vener og kjende til diskusjon. Stå fritt til å omformulere og bruke dine eigne ord:



«Hei. Eg vil invitere til gjestebod. Ullensvang kommune skal laga ny kulturmiljøplan og ønskjer innspel frå deg og meg. Vi er oppfordra til å seie noko om kva kulturarv vi meiner er viktig. Håpar du vil kome (stad, dato, klokkeslett).
Helsing ...»

Svar

Svar direkte i digitalt svarskjema som du finn på nettsidene til kommunen, på e-post til kommunen, eller levér svaret på rådhuset i Odda.

Frist for å gje innspel er **30. november 2025**, men send gjerne svaret allereie no.

Har du spørsmål?

Ta kontakt med:

- Samfunnsplanleggjar Viola Starr - e-post:
viola.starr@ullensvang.kommune.no eller tlf. 94820586
- Verksemgsleiar bibliotek og kultur Else Marie Sandal - e-post:
else.marie.sandal@ullensvang.kommune.no eller tlf: 97558487

